

Fiskedykkarar frå Polen her for fjerde gong

07.09.2014



Det er 11 fiskarar og arbeidskameratar på Rabben frå Polen denne hausten.

Ei feriegruppe frå Polen er trufast mot Rabben Feriesenter. For fjerde gong er arbeidarar frå byen Slupsk like ved Østersjøen her og fiskar på svært avansert vis. 11 som alle er tilsette i fabriken Boniek skal denne gongen boltra seg i fjorden i 11 dagar og håpar å fanga fiskesortar dei ikkje har fått tidlegare. Og dei nemner steinbit fyrist når vi spør kva for ein sort som no står på ynskjelista.

Arbeidskameratane lagar mellom anna vindauge, dørar og persiennar og det er tydeleg at dei er tilsett i ei framgangsrik verkeemd. Klubben deira heiter Klub Podvodni som tyder undervassklubben.

Dei trivs også godt på feriestaden Uskedalen som dei kom til for fyrste gong i 2010 og som dei har vendt attende til i 2011, 2012 og i år. På desse åra har dei tydelegvis fanga ein god del fisk og dei peikar på ei velvaksen

kveite når dei vert spurde kva for ein av fangstane  
dei så langt har sett størst pris på.  
- Nei, den et vi før vi dreg heim, er svaret på spørsmålet  
om dei tek med fisken når dei reisar att.

Det er surstoff som er  
den viktigaste ingrediensen i fiskeutstyret til  
polakkane saman med harpunane og dei har fått opp  
bra med botnfisk, som rauspette og piggvar, ved sida  
av kveita. Dei får også god dykkartrening under opphaldet  
i Uskedalen.

Tekst, foto og nett; Ola Matti Mathisen